

Lyngheiseret på Lygra er eit informasjonssenter om kystlandskapet. Her kan ein vandre på tilrettelagde stiar i eit historisk landskap slik det har vore på kysten i 5000 år. I dag held lyngheiene i Norge og Europa på å forsvinne. 90% er alt borte pga oppdyrking, forureining og tilgroing.
Lyngheiseret på Lygra er eit informasjonssenter om kystlandskapet. Her kan ein vandre på tilrettelagde stiar i eit historisk landskap slik det har vore på kysten i 5000 år. I dag held lyngheiene i Norge og Europa på å forsvinne. 90% er alt borte pga oppdyrking, forureining og tilgroing.

På Lygra er lyngheiene verna gjennom aktiv gardsdrift på tradisjonelt vis med utegangarar (villsau), lyngbrenning og slått. Lyngheiseret fekk i 2001 UNESCO sin globale kulturlandskapspris, og i 2005 vart senteret tildelt Europarådet – Europa Nostra sin kulturlandskapspris.

Kvinnherad Senioruniversitet vil vitje Lyngheiseret onsdag den 22.mai. Det vil bli busstransport frå Valen via Sæbøvik og Husnes til Årsnes og vidare til Lygra. Ved påmelding får deltakarane opplyst tidspunkt for dei ulike busstoppa. Under opphaldet vil det bli vist film om kystlyngheiene og utstillinga «Det stig av hav». Vidare vil det bli guida tur i kulturlandskapet. Mat og drikke vil det og bli, middag og dessert med kaffi.

Påmelding til Grethe Brundtland tlf. 995 37 790 eller Alice Tuften tlf. 450 38 550.
Alle interesserte er velkomne til å vera med på turen.

**For Kvinnherad Senioruniversitet
Grethe Brundtland**